

Stortingsvalet '77

RV



RAUD VALALLIANSE

AV AKP(m-l) og UAVHENGIGE SOSIALISTAR

www.pdf-arkivet.no (2020)

Dei siste åra har SV gått attende. Denne utviklinga har kome av di stadig fleire har avslørt SV som eit falskt arbeidarparti. Dei raude frasane som blenda mange for nokre år sida har falma sterkt. Bak frasane har vi fått sjå eit borgarleg parti med eitt mål: Å skaffa seg posisjonar i statsapparatet og fagbevegelse for å regjera kapitalismen i lag med DNA.

Tidlegare har vi kalla SV eit regjeringsparti utan ministrar. Dette nidnamnet har dei forsvart fullt ut. I alle saker har SV vore trufaste støttespelarar for DNA-regjeringa. Ikkje nok med det; SV har sjølv utbasunert dette som hovudlina si. No i valkampen går det knapt ei veke utan at ein av SV-leiarane vil overtyda DNA om at dei berre kan sikra seg regjeringsmakta dersom SV får nok mandat på Stortinget. Slik legg dei opp til fire nye år der dei skal administrera kapitalismen i lag med DNA.

SV sluttar fullt og heilt opp om narrespelet rundt valet. I den fyrste valavisa for SV hevdar Berge Furre, formannen, at valet er eit *lagnadsval* som vil avgjera kva slags framtid «olje-Noreg» skal få. Det «revolusjonære» SV vil innbilla norske arbeidsfolk at det er livsviktig om vi skal ha regjeringa Nordli

eller Korvald i dei neste fire åra.

Men sjølv om partiet SV misser oppslutning er det ikkje nokon daud hund. Framleis er alt for mange blinda av dei vakre frasane deira, og i lag med DNA og «NKP» arbeider dei aktivt for å halda arbeidsfolk unna det revolusjonære partiet AKP(m-l).

Med dette heftet vonar vi å syna at meritane til SV ikkje skuldast einiskilde feilsteg eller dårlege leiarar. Vi vil syna at det går ei klår og grei line gjennom alt SV har hatt føre seg. Denne lina er reaksjonær. Ho rettar seg mot arbeidarar og andre som reiser striden mot utbytting og underkuing. Ho spelar på parti med den eine imperialistiske supermakta, Sovjet, og legg seg flat for den andre, USA. Ho er mot revolusjon og sosialisme. Ho er for kapitalismen — statskapitalismen.



Den borgerlige SV-ledelsen: Fra venstre I.mann på Oslo lista, Stein Ørnhøi, Reidar T. Larsen og Berge Furre.

SV er for kapitalismen

Nestleieren i SV, Berit Ås, vart for ei tid sidan intervjuet i amerikansk fjernsyn. Der sa ho at Noreg var kome langt av di vi hadde hatt ei sosialistisk regjering i tretti år! Ved førre valet slo Buskerud SV fast i ei valavis at vi alt hadde ein god del sosialisme i Noreg. Døma var Jernverket i Mo i Rana, Kongsberg Våpenfabrikk og Raufoss ammunisjonsfabrikk, i tillegg til andre statsbedrifter. Dette fortel kva SV tenkjer seg med sosialisme.

Men det vert ikkje sosialisme fordi om styreformannen frå ein gammal privatkapitalistisk familie vert bytta ut med ein frå DNA. Arbeidsfolk har ikkje noko meir å

seia på ei statsbedrift enn på ei kva for helst privatbedrift. Arbeidsplassane vert heller ikkje tryggare. Nett no vert hundretals arbeidrar sparka frå Tandberg. Her står den statlege storkapitalen med byråkratkapitalistane til DNA i brodden saman med den private storkapitalen.

Eit «sosialistisk» parti som ikkje har anna å by arbeidsfolk er ikkje sosialistisk. Det er eit parti som kappast med andre borgarlege parti om korleis ein skal styra kapitalismen. DNA har drive denne politikken i årevis. SV skil seg berre frå DNA ved litt meir raude frasar.

SV er mot væpna revolusjon

Når SV har som line å byggja statskapitalismen i lag med DNA, er dei sjølsagt og mot revolusjon. Men for å kunna fri til revolusjonære arbeidrar og ungdomar kan ikkje SV seia dette rett ut. I staden freistar dei å leggja fram ei line for fredelig overgang til sosialismen. For å leia folk på villspor driv dei sogeforfalsking. I prinsippogrammet sitt skriv dei:

«Norge har hatt ei etter måten fredelig og demokratisk historie. Striden mellom klassane har ikkje vore prega av valdsbruk, jamvel om det finst døme ein kan vise til. Denne tradisjonen vil partiet bygge vidare på i arbeidet sitt for sosialismen.»

Tvert imot dette kan vi læra at arbeidsfolk *alltid* når dei har teke opp kampen for rettane sine er vortne møtte med valdsapparatet til den kapitalistiske staten. I dag skal det berre ein streik om høgare løn til før kølle-svingande konstablar og velutrusta opprørspoliti vert sett inn. Utallige revolusjonære



Sjefsideolegen bak SV-teorien om «fredelig overgang til sosialismen», Nikita Krutshov.

oppstandar i andre land er vortne drukna i arbeidarklassen sitt blod av di dei ikkje hadde våpen, ikkje var i stand til å føra væpna kamp mot det reaksjonære borgarskapet. Den tradisjonen SV vil føra vidare er den der arbeidsfolk ikkje skal «krevja» noko før borgarskapet meiner tida er inne. Nok ein gong ser vi at det er ei line for å berga kapitalismen. Borgarskapet kjem ikkje til å gje frå seg makta friviljug. Dei vil forsvara henne med alt dei har, hær og politi og eigne fascistiske væpna gjengar. SV-propagandaen mot væpna revolusjon er støtte til borgarskapet mot arbeidarklassen.

SV stør Sovjet — knelar for USA

«Om dette skulle bli forkasta av Noreg, vil Sovjet med rette kunne oppfatta det slik at dei er utstilt til lått for heile verda. Dei kan vanskeleg sjå på det som anna enn ein provokasjon.»

Dette sa formannen i SV, Berge Furre, då Sovjet med militærøvingar, kanonbåt-diplomati, trusler og press rana til seg 20 000 kvadratkilometer norsk havområde og 65 000 kvadratkilometer «grå sone» til å boltre seg i. Dette er havområde som etter alle tidlegare internasjonale avtaler er norske.

Når AKP (m-l) går mot Sovjet sin fristnad på å oppretta eit militært støttepunkt på den norske øygruppa Svalbard, kjem Sovjet til hjelp og kallar dei revolusjonære for nasjonalistar.

Nett no har nestleiar Berit Ås kome attende frå Murmansk, frå den største marinebasen i verda.

Der har ho vore på «fredskonferanse» og hevda at «i fredsarbeid er Sovjet på mange måtar for eit føregangsland å rekna». Og «Vi må forene oss i kampen mot fascismen».

SV-leiarane framstiller den fremste krigsrustaren og våpen seljaren i verda som

eit føregangsland for fred. Eit regime som undertrykkjer folket sitt med klare fascistmetodar, vil ho «forene» seg med i «kampen mot fascismen». Dette er ikkje nye tonar frå SV. Alt i 1967, då det som den gongen var SUF, føregjengaren for AKP (m-l), vedtok ei fråsegn mot supermakta Sovjet, var SF ute med riset. I 1974 braut SV fohandlingane med FAGLEG Fyrste-mai Front avdi parolen «*Freedom for Tsjekkoslovakias folk*» ikkje var godtakande.

Då arbeidarane i Polen gjekk til opprør mot prisauker i 1976 var SV-avisa Ny Tid sin fyrste kommentar at uroa skuldast «in-formasjonssvikt».

Stør Sovjetunionen i Afrika

I meir enn 15 år hadde folket i Angola kjempa mot portugisisk overherredøme før dei vartn. Tre frigjeringsrørslar var med på sigeren, FNLA, MPLA og UNITA. Striden hadde ført dei nærare kvarandre og dei hadde vedteke ein samarbeidsavtale.

Sovjetunionen hadde gjeve lite støtte til frigjeringskampen så lenge han stod mot Portugal. Så, på nokre få månader etter



frigjeringa, gav dei meir våpen til den eine frigjeringsrørsla, MPLA, enn dei i alt hadde gjeve dei siste femten åra. Sovjet eggja til borgarkrig — og lyktest. Landsbyar vart bomba, tusenvis av angolesarar vart drepne. For å utføra dette skitne handverket sende Sovjetunionen 15 000 kubanske soldatar til landet.

Resultatet ser vi i dag. Dei imperialistiske selskapa er ikkje kasta ut. Eit Sør-Afrikansk diamantselskap får halda fram med verksemda si, til og med med *økonomisk* hjelp frå regjeringa i angola. På toppen av dette får no russiske trålarar feia langsmed kysten av landet. Angola er vorte ein nykoloni.

Lina til SV er klår her og. Som alltid stør dei Sovjetunionen.

Kva med USA?

SV i anti-imperialistisk utgåve spelar på at dei er mot USA. For ein motstand!

Då hetsen mot det revolusjonære Kampuchea var som verst var ikkje Berge Furre snauare enn at han kasta seg på hylekoret. Han var «sterkt uroa» over dei rapportane vestlege massemedia spreidde om landet. At Vennskapsambandet Noreg-Kampuchea kunne dokumentera at all hetsen var bygd på lygner, fann same herren «lite overtydande». Så skikkeleg markerte Furre det «anti-imperialistiske» standpunktet sitt at då Haakon Lie med fleire skulle setja i gang ein

SV svik kampen mot fascismen og for ytringsfridomen

I kampen mot den gryande fascismen har SV lite ære å henta. Dei meir «fraseradikale» delane av partiet gjer sitt for å sabotere kampen, ved at dei i alle samanhengar freistar å gjera spørsmålet til noko uvesentleg, noko som ikkje har med arbeidsfolk å gjera. I år, 1977, hadde SV eige 1. mai-arrangement i Tromsø. Dei hadde ingen parolar med forbod av Norsk Front. Grunngevinga deira



Fylkestingsrepresentant for SV, Oswald Løberg leder møte med tidligere CIA-sjef William Colby som deltaker.

CIA-aksjon for «frigjering av Kampuchea», fekk SV-formannen og eit tilbod om å vera med.

Midt i juli kom den tidlegare CIA-sjefen William Colby til Noreg. Denne erkereaksjonære imperialisten stod ansvarleg for sume av dei verste overgrepa som amerikanarane gjorde i Vietnam. Han skulle vera med på eit minnearrangement over sin sabotasjeaksjon under krigen. «Høgtida» gjekk for seg i Snåsa i Nord-Trøndelag. Arrangementssjef var han som stod *øvst* på lista til SV ved fylkestingsvalet der i 1975 og som no sit som *fylkestingmann* for SV.

var at det ikkje fanst nazistar og nærskyldte grupper i Tromsø. Det seier SV i ein by der progressive er vortne forfylgde regelmessig av brune element gjennom heile året som er gått. Kort tid før 1. mai sprengde nazistane Oktober Bokhandel i Tromsø i lufta.

Denne sabotasjen av kampen mot fascismen fører vidare lina til Torild Skard, då ho gikk imot aksjonen til arbeidarane ved

Oslo Sporveger for å få fjerna nazistane frå arbeidsplassen der. (Same Torild Skard helt munn då fleire progressive arbeidarar vart oppsagde på Elektrisk Bureau i Oslo etter aksjon frå reaksjonære DNA-tillitsmenn og kvinner.)

Slik ser vi at leiande SV-folk tek nazistar i forsvar når arbeidsfolk aksjonerer mot dei og at dei freistar å sabotera den antifascistiske kampen ved å framstilla mordbrennarane og terroristane i «Norsk Front» som halvtomsete ungdomar som ingen må ta alvorleg.

Er det då slik at SV og Torild Skard verjar ytringsfridomen like heitt om det er progressive som vert sparka frå verksemder? Lat oss ta nokre få døme:

— Kjell Fiskerud, ein av dei som gjorde opptak til å skipa SV, gjekk i brodden for at klubben på ASEA-Per Kure skulle vedta ein resolusjon som kravde forbod av AKP (m-l) — *ikkje* av «Norsk Front».

— Ved Nylands Mekaniske Verksted har SV-aren Gunnar Nilsen, som er klubbformann, fleire gonger gått i brodden for å suspendera progressive arbeidarar frå klubben.



En av SV's framtrede faglige tillitsmenn Gunnar Nilsen, en arbeideraristokrat som flere ganger har suspendert kampvillige arbeidere. Sist var det hans egen partifelle Karl O. Rikardsen som fikk smake pilsken.

— Ved Tromsø Verft gjekk klubbstyret, leidd av ein SV-ar inn for å forby sal av Klassekampen i kantina og for å suspendera kampviljuge arbeidarar.

— Då sentrale og lokale DNA-folk sette i gang ein aksjon for å få sparka 9 progressive arbeidarar på Elektrisk Bureau i Oslo, fann SV ut at dei ikkje kunne «kritisera» det som var skjedd. Borgarpressa framstilte denne aksjonen som ein spontan aksjon frå dei vanlege arbeidarane ved verksemda. Denne lygna var SV aktivt med på å spreia vidare. I røynda var det slik at på den einaste avdelinga der oppseingane vart draфта, gjekk arbeidarane i mot dei. Den såkalla «spontane» sitt-ned-aksjonen vart organisert ved at DNA-pampar fauk rundt og truga folk til å stempla ut.

Til slutt vil vi ta med striden for å få RV med i valsendingane i NRK. Setnralt har SV vedteke ei fråsegn som stør dette kravet. Men rundt på arbeidsplassane har leiande SV-arar fleire stader motarbeidd saka og hindra at ho får oppslutning. Eit nytt døme på at SV spelar på lag med borgarskapet fekk vi i Bergen nyleg. Den kjende SV-aren Hans Ebbing og fyrstemann på lista til SV i Hordaland, Asbjørn Bjørnset, sit i styret for NTL på universitetet. I lag med andre SV-arar i styret gjekk dei mot å ta kravet om å sleppe RV til i valkampsendingane til NRK opp i foreninga. Grunngevinga? Saka var «rein partipolitikk» og «høyrdde ikkje heime i fagforeningane». SVs fyrste mann i Hordland hevdar altså i fullt alvor at ein viktig kamp for ytringsfridomen er partipolitikk og kan ikkje støttast!

SV — haleheng til DNA, mot klassekamp!

Alt i 1974 fekk SV høve til å syna kva side dei sto på i klassestriden. Ein stor aksjon mot momsens på mat var i gang.

35 000 arbeidarar gjekk til streik under kravet at momsens på mat måtte bort. 100 000 underskrifter vart samla. Om SV hade vore eit progressivt, til og med revolusjonært parti, hadde det sjølvstøtt sett inn alle krefter på å styrkja denne rørsla. Ikkje minst ved å bruke representantane sine på Stortinget til å avsløra korleis dei andre borgarlege partia ga blaffen i levekåra til folket og motarbeidde interessene til arbeidsfolk.

Dei gjorde det motsette. Då aksjonen var på sitt sterkaste, sette SV i gang med sabotasjen sin. Dei «innsåg» at det ville by på «problem» å ta vekk momsens.

Dei oppmoda folk om å vera «realistiske» og sette i gang ein utkropen hestehandling med DNA. Kravet om å få bort matmomsens rann ut i sanden. I staden framstilte SV det som ein siger då subsidiar som alt var vedteke bytte namn til «momskompensasjon» og det vart vedteke ein ørliten auke i mengda av subsidiar.

SV sette ikkje berre parlamentarisk arbeid over massestriden. Dei nytta stortingsfolka sine *aktivt mot* den striden som var i gang.

SV — saboterer streikekampane

Vi kan ikkje gå gjennom heile merittlista til SV på dette punktet. Vi meiner det held med to døme. Dei vil syna at målet til SV ved streikekampar er:

— Få lagt ned streiken så fort som råd, slik at fagforbunds-byråkratiet kan ta over.

— Hindra at folk dreg politiske lærdomar av streiken.

Det er avslørt at SV sende eit internskriv til medlemmene sine om at ingen måtte stø Linjegodsarbeidarane som var i streik då. Dette var ein hard streik. Han truga med å

velta heile kombioppgjæret til kapitalen og vart difor møtt med kraftig hets og terrorpolitikk. Furre «oppsummerte» streiken slik:

«Ja, eg trur Linjegodsstreiken var reine gåvepakka for høgresida...» og Morten Jørgensen, leiar av universitetslaget til SV og medlem av fagleg utval i SV håna arbeidarane ved Linjegods med at dei hadde gått attende til arbeidet som «ein saueflokk».

Så alvorleg tok SV streikesabotasjen sin at dei sjølve suspenderte fem medlemmer frå Fagleg Utval i SV. Grunnen var at desse fem hadde protestert mot det reaksjonære anti-linjegodsvedtaket frå hovudstyret i SV.

Ein liknande streik vart kjempa ut i Moss i juni i år. Det var arbeidarane ved Steinulla (Elkem Rockwool) som og stilte krav som retta seg mot kombinerte oppgjær. Trugsmål frå monopolkonsernet Elkem og verksemda til lokale arbeidaristokratrar i Moss Samorg greidde å tvinga arbeidarane til å gå attende til arbeidet.

Korleis stod SV i denne saka? Lokale SV-ararar på grunnplanet kom fort med i støttearbeidet. Sentralt derimot tok SV seg «tenkjespause» på ei veke før dei sende ut ei varsam støttefråsegn. På systemverksemda til steinulla i Larvik gjekk SV-klubbformannen mot støtte til kameratane i Moss. I Moss samorg sat det leiande SV-arar som motarbeidde streiken. Mellom anna freista dei å krevja at arbeidarane måtte gå mot AKP (m-l) før samorg kunne stø aksjonen.

Korleis oppsummerer SV så aksjonen? Jau, det er mykje syt om at aksjonen var for dårleg førebudd og at AKP(m-l) var innblanda. Ikkje eit ord om dei leiande SV-arane som motarbeidde streiken. Ikkje eit ord om dei lokale arbeidaristokratane som dreiv den same reaksjonære aktivismen. Slik dekkjer SV medvite over fiendane til streiken, medan dei freistar å sverta dei som støtta han. Etter oppskrifta deira kunne

streiken vore vunnen om arbeidarane ei veke på førehand hadde send eit «opplysande» brev til dei sentrale fagbyråkratane.

Dette er ikkje avdi SV er lättleg uvitande om kva for interesser det sentrale fagbyråkratiet tener. Det er medviten politikk for at arbeidsfolk ikkje skal læra noko av streiken. Ei line for at streikar i framtida og skal lida nederlag.

Streikebylgja vert til «overhåndtagende ro».

Ved ville åtak på den landsfemnande streikerørsla har SV-leiinga gjort seg ill-gjeten hjå alle som har vore i streik. I dag, når forbundskassene er atlatne og låste for alle som går til aksjon, er pengane frå streikestøtterørsla avgjerande for at borgarskapet ikkje skal greia å svelta dei streikande attende til jobben. Dette skjønar SV-leiinga særst godt. Difor fører dei ein aktiv kampanje mot denne rørsla.

På eit møte før 1. mai hevda fagleg leiar i SV, Bjørgulv Froyn, at «tendensen innad i klassen er preget av overhåndtagende ro». Dette er ei ro som SV-leiinga for all del ikkje vil forstyrre. Sekretæren i SV, Rune Fredh,

prøvde seg som reknemeister på eit møte i Studentersamfundet i Oslo. Ettersom vi hadde over 600 000 LO-organiserte her i landet og berre nokre få tusen hadde vore i aksjon siste året, meinte han situasjonen var prega av ro.

Slik talar ekte borgarlege arbeidarleiarar. Det er folk som har som oppgåve å demma opp for alle progressive og militante straumdrag i arbeidarklassen. Skal SV spela rolla si ved sida av DNA kan dei ikkje alltid gå like ope mot dei kampane arbeidarane fører. I staden freistar dei å spreia mismot mellom dei framskridne og kampviljuge delane av arbeidarklassen. Oppgåva deira er å få arbeidarane til å missa trua på egne krefter. Difor «tyder» det ingen ting at 1976 var eit av dei største streikeåra sidan krigen. Difor «tyder» det ingen ting at politiet oftare og oftare vert sett inn mot arbeidsfolk. Det som «tyder» noko er at SV og DNA har fleirtal på Stortinget og at SV-pamper får ein plass ved sida av DNA i topporgana i LO. Slik fører SV-leiarane borgarleg politikk, ein politikk mot at arbeidsfolk skal reisa kamp mot utbygtinga.



Linjegodsstreiken ble møtt med brutal politibold og grov trakassering. SV karakteriserte den militante og rettferdige streiken som en «gavepakke for høyresida».



Fra LO-kongressen 1977. SV'erne som deltok utmerka seg ved å stemme sammen med LO-toppen mot de 5 representantene fra Oslo Jern og Metall som var de eneste som stod på en konsekvent kamplinjé.

LO-kongressen: SV for klassesamarbeid

At SV er eit tvers gjennom borgarleg parti kom klårt til uttrykk på LO-kongressen. Det fanst ei mindre SV/«NKP» gruppe der. Ho markerte seg ein gong. Det var då det vart røysta over løyvinga til SVs Ungdom. 21 røysta for dette. Ells var oppslutninga om LO-leinga unison frå denne gruppa. Denne «feige opposisjonen» var m.a. med på desse reaksjonære vedtaka:

— Dei røysta mot at LO skulle arbeida for boikott av Chile-juntaen.

— Dei røysta for å auka løyvingane til DNA-prensa og med det for at LO skulle løyva 17,5 mill. kr til denne pressa.

— Eit framlegg som tok avstand frå suspensjonane i NTL og at Sosiale Etaters Forening vart suspendert frå Norsk Kommuneforbund røysta dei ned.

— Dei røysta for Aspengren si melding om verksemda til LO sidan siste kongress, og for at Tor Halvorsen skulle verta ny formann i LO.

For prisauke på dagheimane

SV hevdar at dei er mot prisauke på dagheimane. Likevel røystar dei for det over alt der dei får høve.

Typisk for demagogien og den reaksjonære framferda til SV er ein SV-representant i Drammen. Ho var med på ein aksjon utanfor lokala til bystyret i Drammen som kravde nei til prisauke på dagheimane i byen. Etter det gjekk ho inn i bystyret, tok plassen sin på SV-benken — og røysta for pris-auke. Slik har SV røysta i Elverum, Lillehammer, Vefsn, Mo i Rana, Bergen og Tromsø. I Oslo røysta dei mot, men då heile budsjettet skulle opp til røysting, der 20% prisauke på dagheimane var irekna — røysta dei for.

SV — ein gjeng med svikarar og tystarar

SV si historie, både på Stortinget og i klassekampen er ei historie om svik og haleheng til borgarskapet.

No i valkampen hadde SV sjansen til å avsløra for alle progressive kven som dreiv å overvaka dei, kven det var som skaffa borgarskapet alle opplysningane som dei brukar i yrkesforbodet sitt og til å undertrykkja progressive og kampviljuge arbeidrar. SV hadde lister med navn på det meste av overvåkingspolitiet, dei satt på opplysningar om metodane som dei militære etterretningsvesenet bruka osv. Kva gjer dei, offentleggjer dei dette sånn at folk kan sjå korleis ein viktig del av det borgarlege diktaturet fungerer? Nei, dei sit og skryt av det. Når politiet raslar med sablane sine og set i gang med Gestapo-metodane sine så overgår dei kvarandre med å fortelja politiet alt dei veit og tystar på kvarandre og syrgjar for at politiet får tak i alt materialet. Dei svik kvarandre og dei svik alle kjeldane sine som har


hatt von om at SV og Ny Tid skulle kunne leggja all rotskapen som dei har site på, fram for folk. Istadenfor vert dei offer for politiforfølgjing.

SV si «avsløring av dei hemmelege tenestane» syner kva slags parti dette egentleg er. Det syner oss eit parti som ikkje tør løfte ein finger mot det borgarlege diktaturet. Eit parti som er full av legalisme og knefall for det borgarlege lovverket og valdsapparatet, illusjonsmakeri og samarbeid med politiet. Det er eit parti kor leiinga svik kvarandre og tystar om kapp for sjølv å sleppa lettast unna. Om det ikkje skulle vera nok, så svik dei og kjeldane sine.

Dette sviket er nok eit døme på at arbeidsfolk aldri må ha tiltru til dette borgarlege arbeidspartiet. Dette sviket er så grovt at det aldri må verta gløymt, dette sviket må henga på dei for alltid og vera eit fåresignal for dei som har tenkt å røysta på dei i valet.



Politiet med det beslaglagte materiale fra SIPO-avsløringene som aldri kom lenger enn til Ny Tid redaksjonen, takket være SV'ernes feighet og uduglighet.



Lenins skarpe analyse av arbeideraristokratiet og de borgerlige arbeiderpartiene som borgerskapets forlengede arm i arbeiderklassen, rammer SV med full tyngde.

SV er betalt av pengar frå borgarstaten

SV-avisa Ny Tid gjekk i 1976 med eit underskot på 350 000 kroner. Budsjettet for 1977 var «optimistisk» og rekna berre med eit underskot på 170 000. Årsaka til at avisa ikkje har gått dukken fullstendig er statsstøtta. Kvart år får avisa hundre tusenvis av kroner frå borgarstaten. For å få tak i pengane, hestehandlar SV-leiinga med andre borgarlege parti. Fyrst og fremst DNA. Sist pressestøtta var oppe i Stortinget, fekk SV tuska til seg nokre ekstra titusen mot at dei røysta for ei ordning som gav nye millionar til Arbeidarbladet.

I Ny Tid er det fullt opp med statslysingar. Dette organet trykkjer lysingar for NATO og den norske militærmakta, kunnngjeringer om at sjukehuspersonale som av samvitsgrunnar ikkje vil vera med på abortinngrep skal få sleppa osv.

Slikt spreier SV avdi dei er fullstendig avhengige av pengane. I meldinga si seier Ny Tid-redaksjonen: «Ny Tid har ikkje råd til å srie dei til offentlege annonser, sjøl når desse argumenterer på tvers av SV sitt syn.»

Til slutt får SV store summar til sjølve partiet. Pengar som går til å halda liv i eit stort og velfødd byråkrati.

Systemet med parti- og pressestøtte er den borgarlege statens garanti for at partia skal vera lojale mot kapitalistane og staten deira. At SV så fullstendig vert halde oppe av slike judas-pengar talar sitt klåre språk om kvifor SV aldri kan verta eit revolusjonært parti. Om SV tok til å føra ein revolusjonær politikk ville det fort riva grunnen unna SV-leiinga.

Imperialismen betalar for borgarlege arbeidarparti

Gjennom å utbytta folk i heile verda skaffa imperialistane seg ein ekstra stor profitt, ein superprofitt. I føreordet til boka «Imperialismen, det høgste steget i kapitalismen», seier Lenin om dette:

«Det er opplagt at det er råd å muta ar-

bedarleiarar og det øvste laget av arbeidararistokratiet på grunnlag av ein slik enorm *superprofitt* (superprofitt avdi han er oppnådd i tillegg til den profitten som kapitalistane pressar ut or arbeidarane i sitt «eige» land). Og det er nett det kapitalistane i dei «framskridne» landa gjer. Dei mutar dei på tusen ulike måtar, beinveges og omveges, ope eller løynd. «... Dette laget med borgarleggjorde arbeidarar, eller arbeidararistokratiet... (er den) viktigaste sosiale (ikkje militære) stønaden for borgarskapet.»

SV er eit parti som lever av denne superprofitten. Leiarane i dette partiet er borgarlege arbeidarleiarar, nett slik Lenin skildrar dei. Jo meir militant og revolusjonær arbeidarklassen blir, jo større bruk har borgarskapet for eit parti av SV sin type. Alt i dag syner det seg at ordre frå Aspengren og Nordli har vanskeleg for å trengja gjennom

til arbeidarar som står i kamp. Men vi har stadig fått nye døme på korleis «radikale» SV-leiarar har «støtta» krava med munnen og fått ein viss tillit, og nytta han til å få lagt ned kampen.

I dette heftet har vi freista å syna at feilsteiga til SV ikkje er einskildtilfelle som kjem på runn av tilfeldige urøynde leiarar. Lina dei fører er medviten. Det er ei line for fortsett kapitalisme, mot revolusjon og sosialisme. Det er ei line som stør den imperialistiske supermakta Sovjet og saboterer kampen mot den andre supermakta, USA. Ein politikk som rettar seg mot frigjeringsrørslene i den tredje verda og mot den proletariske internasjonalismen.

Lina SV står for er reaksjonær og alle progressive må venda dette partiet ryggen ved valet som kjem.

RV — revolusjonære målsmenn på Stortinget



Førstekandidat på RV-lista i Oslo, jernarbeider Brynjulf Mugaas.

I staden for at progressive skal røysta på SV som har svike arbeidsfolk i sak etter sak vil vi oppmoda alle revolusjonære og progressive til å røysta RV ved Stortingsvalet.

RV stiller på eit program som er for væpna revolusjon og proletariatets diktatur. Eit program som slår fast at arbeidarklassen må ha våpen for å sigra i kampen for frigjering og sosialisme.

Når RV stillar til val er det med målet å få revolusjonære inn på Stortinget. Arbeidarklassen treng revolusjonære målsmenn som kan tala deira sak og som kan avsløra den reaksjonære politikken og all løyndommen som herskarklassen freistar å halda skjult for folk.

Vi stillar ikkje avdi vi trur at det vert noka sosialisme med revolusjonære på Stortinget, heller ikkje at vi skal gjera det så mykje betre for folk ved å røysta på bra framlegg osv. Under kapitalismen er parlamentarismen ein måte borgarskapet gjennomfører diktaturet

sitt på. Dei brukar dette til å lure folk med at det er demokrati og berre folk røystar på dei skal det verta ein annan politikk. På denne måten brukar dei parlamentarismen til å halda folk nede på. Og i valkampen byr dei fram lovnadene sine for folk.

Men revolusjonære på Stortinget vil vera tenarar for arbeidsfolk, vi vil stø og fremma krava til folk. Og kvar gong vi vert røysta ned, syne korleis Stortinget ikkje er representantane til folket, men ei reiskap for herskar-klassen. Den einaste lovnaden vi kan gje i valkampen er at vi konsekvent vil stå på arbeidsfolk si side. At vi aldri vil svike arbeidsfolk og halda løyndomane til borgarskapet skjult, men leggja dei opne fram for folk sånn at dei ser korleis dei borgarlege måls-mennene svik og går bak ryggen til dei som har røysta på dei.

I to år har RV hatt representantar i fire kommunistyrer, praksisen vår der har synt ein revolusjonær politikk til føremøn for arbeidarklassen, som konsekvent har gått mot dei to imperialistiske supermaktane Sovjet og USA og støtta kampen til dei underkua nasjonane. I kommunestyra har vi avslørt korrupsjon og korleis de borgarlege partia

svik vallovnadene sine. Borgarskapet hatar desse representantane avdi dei ikkje let seg kjøpa opp og avdi dei ikkje vil vera med på det reaksjonære spelet som dei driv i dei parlamentariske organa.

For å få mandat treng RV mange fleire røystar enn ved førre valet, korkje gallupp eller andre «vitskapelege» granskingar skulle tilseia at RV får mandat ved dette valet heller. Men det er opp til alle dei som stø RV sin revolusjonære politikk og som ikkje trur på dei falske lovnadane til dei borgarlege arbeidarpertia som SV, DNA og «NKP» og endra på dette. Det finst progressive nok til å røyste RV inn på tinget.

Mange røyster til RV vil vera ein fram-gong for den revolusjonære rørsla. Det vil syne kor mange som er rive vekk frå dei borgarlege partia og vera ein stor oppmuntring i arbeidet frametter med å stadig fleire for revolusjon og sosialisme.

Derfor må alle revolusjonære og progressive kasta seg ut i valkampen og slåst for mange røyster til RV og mandat etter valet. Det vil vera å venda ryggen til dei borgarlege arbeidarpertia DNA, SV og «NKP»!



Fra valgkampmøte for Rød Valgallianse i Oslo.

FORMANN I ASKER SV BRYTER MED PARTIET:

KLASSEKAMPEN

onsdag 8 juni, 1977, nr. 77

SV møtte støtte til EB-

og Hustad-arbeiderne

med sensur og reprimande

— Etter mitt syn er det ikke lenger riktig å se på SV som et voklende parti. Partiet fører idag en sosial-demokratisk politikk, som gjenspeiles på alle områder — i forholdet til «ulovlige» streiker, til fagbevegelsen, til DNA, til den såkalte euro-kommunismen og til landene i Øst-Europa. De analysene som finnes i SV av sosial-demokratiet som et politisk uttrykk for dagens norske kapitalisme, fungerer i høyden som staffasje for å tilfredsstille

Det som gjorde at Brynildsrud fant det nødvendig å bryte med SV var for det første ledelsens sosialdemokratiske partililje, unnfalldenheten overfor DNA i parlamentarisk sammenheng og unnfalldenheten overfor LO-toppen i faglig sammenheng. For det andre den holdningen som SV har lagt for dagen overfor det sovjet-russiske presset i nord. Som en illustrasjon til hvordan denne holdningen også gir seg uttrykk på lokalplanet, kan en peke på hva som foregikk på det åpne stiftelsesmøtet for et såkalt «sosialistisk samlingsarrangement 1. mai» i Asker 18. april i år.

«LAVT BEVISST- HETSNI VÅ»

I et innlegg i lokalavisa «Asker og Bærum Budstikke» 4. mai kommenterte Brynildsrud det som skjedd på dette møtet. «Møtet fungerte som en slags anskuelsesundervisning i hvordan en autoritær møteledelse går fram når den ønsker å forhindre det samarbeid den selv har invitert til.» skrev Brynildsrud bl.a. i dette innlegget. «Avvisningen av parolene (dvs. paroler rettet mot sovjetisk press i Nord-Norge, Barentshavet og på Svalbard) ble (...) ikke begrunnet ut fra noen politiske analyse. De ble (...) avvist

fordi den norske arbeiderklassen ifølge møteledelsen utmerket seg ved et lavt politisk bevissthetsnivå, og derfor ikke kunne forventes å ha tatt stilling til slike vanskelige utenrikspolitiske spørsmål. Utsagnet er interessant, og jeg mener det gir et representativt uttrykk for den holdning overfor arbeiderklassen som er framherskende innenfor deler av SV.»-

25 AV 55 GIKK

Brynildsrud var ellers ikke aleine om å reagere på den arrogante møteledelsen og den reaksjonære politikken som ble kjørt fram på dette «stiftelsesmøtet». Omkring 25 av de ca. 55 framtrøtte møtedeltakerne forlot stiftelsesmøtet i protest, etter at møteledelsen tvang gjennom avstemning over parolegrunnlaget for de seks forslagene til hovedparoler var diskutert! Det «sosialistiske samlingsarrangementet» fikk da også en mager skjebne. 110 deltakere, og et dundrende økonomisk underskudd, ble resultatet for dette reine partiarrangementet for SV/«NKP» 1. mai. 206 deltakere, 155 voksne og 51 barn, gikk i Faglig 1. maifronts tog under hovedparolen «Enhet på klassekampens grunn». På parolemøtets stiftelsesmøtet til FFF, der en av de oppsagte ved Tromsfisk holdt

radikale elementer i partiet. Disse analysene later ikke til å ha noen innflytelse på den politikken SV faktisk fører ut i livet.

Det er Lars Brynildsrud, fram til slutten av april i år formann i Asker SV, som uttaler dette i en samtale med Klassekampens korrespondent, Brynildsrud, som er fagorganisert i Oslo Handel og Kontor, avd. 3, brøt med partiet like før 1. mai i år. På 1. maidagen gikk han i faglig seksjon i Faglig 1. maifronts tog i Oslo.

appell, ble det enstemmig vedtatt å sende overskuddet av Faglig 1. maifronts innsamlinger i forbindelse med 1. mai i år til de oppsagte Tromsfisk-arbeiderne.

— Lars Brynildsrud, SV-laget i Asker ser ut til å oppfatte seg sjøl som en del av «venstresida» i partiet. Blant annet har Asker SV gjort en del progressive enkeltvedtak, som støtte til Hustad-streiken, støtte til Tromsfisk-arbeiderne og støtte til de oppsagte ved Elektrisk Bureau. Er det dekning for a framstille Asker SV som et «progressivt» parti.

REPRIMANDE FRA FAGLIG UTVALG

— Jeg tror det er dekning for å plassere Asker SV til venstre for SV sentralt. Vi fikk reprimande fra partiets Faglige Utvalg for Hustad-vedtaket. Uttalelsen om Elektrisk Bureau ble holdt tilbake av Ny Tid, med den begrunnelsen at klubbledelsen på EB ble kritisert! Og når det gjaldt Tromsfisk-vedtaket, ble det trykt i Ny Tid, men først etter at redaksjonen hadde barbert vedtaket, og strøket det som sto om bruken av politivold!

— Hva med Asker SV's syn på Sovjet og truselen fra sosialimperialismen?

— I synet på Sovjet er Asker SV delt. Sjøl om de færreste går god for uttrykket «sosialimperialismen» er det mange som stiller seg kritisk til den sovjet-russiske utenrikspolitikken. Men det fins også dem i partilaget som avviser enhver antydning om at Sovjet driver politisk og militært press i Barentshavet og på Svalbard. Dette til tross for at enhver med gangsynet i behold må se hva som foregår.

— *Hvordan sa de andre i styret i Asker SV på begrunnelsen din for a ga ut?*

MANGE ENIGE I KRITIKKEN

— Jeg leverte en skriftlig begrunnelse som særlig konsentrerte seg om forholdet til Arbeiderpartiet, forholdet til fagbevegelsen og forholdet til «ulovlige» streiker. Flere i styret ga uttrykk for at de langt på vei var enige i kritikken av SV's linje på disse områdene, men de vurderte det likevel slik at SV hadde muligheten i seg til å utvikle en sosialistisk politikk. Derfor mente de at det fortsatt var riktig å arbeide innenfor partiet.


— *Hvordan vurderer du sjøl denne muligheten?*

— Jeg mener at både landsmøtet i SV i vår og det valgkampoplegget som er lansert fra SV sentralt foran stortingsvalget, helt klart viser at SV er et sosial-demokratisk parti i «sosialistisk» ham. SVs funksjon er blitt å fange opp radikale strømninger ved hjelp av ord om sosialisme, og i praktisk politikk å virke som haleheng for ledelsen i LO/DNA. LO-kongressen nå nylig viser det samme. SV-erne gjorde seg nesten usynlige på kongressen, de fem fra Oslo Jern og Metall var sammen med noen få andre delegater aleine om å føre ut kritikk av LO-ledelsen og å reise de mange progressive forslagene fra grunnplanet i fagbevegelsen.

«ADMINISTRERE» SEG TIL SOSIALISMEN

— *Hvordan ser du på SV's holdning til sakalt «ulovlige» aksjoner og streiker?*

— SV-ledelsen synes å tro at en kan administrere seg inn i sosialismen — hule ut det kapitalistiske samfunnet ved hjelp av det borgerlige lovverket.



Lars Brynildsrud, tidligere formann i Asker SV.

Denne linja gjenspeiles i SV's faglige politikk — ledelsen stoler på det faglige apparatet og viler seg for å bryte med regelverket. Derfor måtte partiet gå mot Linjegods-streiken. Derfor kunne ikke Furre støtte den «ulovlige» Hitra-aksjonen osv.

— *Hvorfor er det etter ditt syn ikke mulig a «administrere seg inn i sosialismen», slik SV-ledelsen tror?*

— Fordi blant annet det borgerlige lovverket bidrar til å bevare og opprettholde den bestående samfunnsordninga. Ved å satse på lovverket og andre borgerlige institusjoner er man med på å legitimere overbygninga i arbeiderklassens øyne. Etter marxistisk samfunnsanalyse kan sosialismen først bygges etter et brudd med det bestående — overgangen foregår ikke gradvis, men som et sprang. Dette innebærer at en revolusjonær bevegelse overtar statsmakta, bryter ned den borgerlige klassestaten og bygger en ny stat. At en slik bevegelse vil bli møtt med vold fra borgerskapets side, er vi nødt til å være forberedt på.

FASCISTISKE TREKK I ØST-EUROPA

— *Til slutt, Lars Brynildsrud: Den «sosialistiske samlingsdemonstrasjonen» i Asker 1. mai i år avviste alle paroleforslag med kritikk av Sovjet og Øst-Europa. Hvordan ser du sjøl på disse lundene?*

— Jeg har sjøl vært i Øst-Europa og opplevd resignasjonen og oppgittetheten blant folk. Det fins ingen følelse av at det er mulig for vanlige mennesker å påvirke byråkratiet eller være med å stake ut politikken. Jeg kan på ingen måte forbinde en slik samfunnsform med sosialismen. Tvert imot gir de øst-europeiske statene inntrykk av å ha utviklet fascistiske trekk.

Korrespondent,
Asker

**Støtt innsamlinga til Rød Valgallianse
og Oktobers klassikerplan:
Send bidrag til**

**Kampfondet,
Postboks 9152 Vaterland,
Oslo 1
Postgiro: 2208130**

VALGKAMPTILBUD PÅ KLASSEKAMPEN

LES KLASSEKAMPEN HVER DAG I VALGKAMPEN

For bare halvparten av vanlig pris kan du tegne abonnement på dagsavisa Klassekampen fram til valgdagen.

For 17 kr. pr. måned får du avisa hver dag fram til 1. oktober.

Send inn bestilling til Klassekampens distribusjon,
postboks 2046 Grünerløkka, Oslo 5.

Jeg bestiller et valgkampabonnement på Klassekampen
fram til 1. oktober for kr. 17 pr. måned.

Navn.....

Adresse.....